**Kviteseid kommune**
**Velferd**

Brunkeberg oppvekstsenter
Brunkeberg vel
Morgedal Bygdekvinnelag
Morgedal idrottslag
Måltrosten 4H
Åsgrend grendelag
Vestfold og Telemark Fylkeskommune
Utdanningsforbundet Kviteseid
Fagforbundet Kviteseid
Nathalie Camarena Straand(FAU)

| Dykkar ref: | Vår ref: | Saksh: | Arkivkode: | Dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| | 2024/369-1 | Thormod Moi Felle, | | 27.02.2024 |

## Høyring om nedlegging av Brunkeberg oppvekstsenter, avdeling Skule.

Kviteseid kommunestyre har i møte **07.12.23** i budsjett og økonomiplan kome med forslag om at skulen ved Brunkeberg oppvekstsenter skal leggast ned frå skuleåret 2024 -25. Ei slik strukturendring krev ein prosess som gjev involverte partar høve til å uttale seg.
Vedlagt finn de høyringsnotat om saka. Høyringa gjeld nedlegging av skuletilbodet i Brunkeberg, medan tilbodet om barnehage framleis blir oppretthalde.
Jamfør ulovfesta forvaltningsrettsleg prinsipp som seier at ei sak skal vera forsvarleg klarlagt før vedtak blir fatta, blir saka lagt ut på offentleg høyring. Sidan denne saka har vore ute til høyring våren 2022, og med omsyn til barnets beste, **vert høyringsfristen sett til 31.03.24**
Alle har høve til å koma med høyringsinnspel, både lag- og organisasjonar og privatpersonar.
Høyringsuttale skal sendast til post@kviteseid.kommune.no eller i vanleg post til: Kviteseid kommune, Kviteseidgate 13, 3850 Kviteseid
Når høyringsfristen er ute vil mottekne innspel verta vurderte, og Kviteseid kommunestyre vil gjera endeleg vedtak i saka.

Med helsing

| | |
| --- | --- |
| Laila ThorsenLaila Thorsen | Thormod Moi Felle |
| Kommunedirektør | kommunalsjef Velferd |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.*

Mottakarar av dette brevet

Brunkeberg oppvekstsenter
Brunkeberg vel
Morgedal Bygdekvinnelag
Morgedal idrottslag
Måltrosten 4H
Åsgrend grendelag
Vestfold og Telemark Fylkeskommune
Utdanningsforbundet Kviteseid
Fagforbundet Kviteseid
Nathalie Camarena Straand(FAU)